



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Fredag 21.10.2022

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Formannskapssalen, Odda

Til stades:

Eidfjord kommune:

Ordfører Anders Vatle
Rådmann Geir Underhaug

Kvam herad:

Ordfører Torgeir Næss
Rådmann Anita Hesthamar

Ullensvang kommune:

Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører
Rådmann Ole-Jørgen Jondahl

Ulvik herad:

Varaordfører Jens Olav Holven
Rådmann Thore Hopperstad

Administrasjonen:

Dagleg leiar Jostein Eitheim og konsulent Trude L. Rinaldo

Forfall:

Ulvik herad:

Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Agenda:

09.00 - 10.30 Sakshandsaming

10.30 - 12.00 Orientering

12.00 - 12.45 Lunsj

12.45 - 15.00 Orientering/Sakshandsaming

Orienteringar:

Husbanken / Statsforvaltar

Innledning/Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2021-2024)

Ved statsforvalter - Lars Marius Ulfrstad

Boligfremskaffelse i kommunene, Husbankens virkemidler – nytt fra statsbudsjettet

Ved Husbanken - Anne Maria Langeland og Bjarte Alræk

Beredskapsavdelingen statsforvalter - bygging i rasutsatte områder

Ved statsforvalter – Oliva Marie Bakketun

Saker til handsaming:

HR-sak 32/22 Meldingar

Ingen meldingar framlagde.

HR-sak 33/22 Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden

Innleiing ved Eva Kathrine Taule, Vestland fylkeskommune

Vi set fokus på m.a.

- Plantype

- Omfang
- Geografisk avgrensing
- Juridisk binding

Innleiing v/Eva Kathrine Taule

Hardangerrådet må ta stilling til kva type plan regionen bør velja: Juridisk bindande plan eller retningsgjevande plan.

Juridisk bindande plan bør liggja til kommunen.

Ikkje-bindande plan på regionalt nivå vil vera førande for arealdel i kvar kommune. Dette er fylkeskommunen si tilråding. Tematisk ikkje bindande plan vert anbefalt. Interkommunalt plansamarbeid (Interkommunal temaplan) PBL §9-1-9.7

Meininga er at arbeidet skal vera fundamentert på ei regional semje. Fylkeskommunen kan bidra. Planavdelingane i kommunane må vera aktive i eit slikt planarbeid.

Regionrådet tek på noverande tidspunkt ikkje stilling til kva omfang ein slik plan skal ha. Ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden må omfatta sjøareala for kommunane Kvam, Ullensvang, Voss, Ulvik og Eidfjord.

Vedtak:

Hardangerrådet gjennomfører dialogmøte med prosjektleiinga for planen: Sjøareal i Nordhordland. Etter denne dialog vil regionrådet ta stilling til type plan, omfang og geografisk avgrensing for ein felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden.

HR-sak 34/22 Helsehjelp til Ukraina

Regional støtte til hjelpeprogram i regi av Haukeland sjukehus

Ordførar i Eidfjord og dagleg leiar orienterte om dialog med Internasjonal avdeling på Haukeland universitetssjukehus vedr. HMM Helsehjelp Ukraina. Presentasjon er vedlagt.

Vedtak:

Hardangerrådet ønskjer å inngå samarbeid med det pågåande prosjektet HMM Helsehjelp Ukraina. Ordførar og dagleg leiar utformar utkast til samarbeidsavtale med Haukeland universitetssjukehus. Denne avtale vert lagt fram til godkjenning i neste rådsmøte. Avtalen må endeleg godkjennast i kvart kommunestyre.

HR-sak 30/22 Orientering om viktige saker i kvar kommune til oppfølging i Hardangerrådet.

Orientering ved kvar ordførar

Denne sak vart utsett til neste rådsmøte.

HR-sak 31/22 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

- Søknad frå Hardanger og Voss museum
Rådmennene drøftar samordning av tilråding i saka.

- Hardangerkonferansen Orientering
- Rein Hardangerfjord Orientering
- Orientering frå LVK v/Lund & Co til formannskapa 7. november
15.00 - 17.00
- Sal av straum til fastpris
Rådmennene drøftar samkøying av reglar/tilbod om kommunal
straumstøtte.

Møteboka godkjent 21.10.2022

Roald Aga Haug
Rådsordførar